



HAVRÅ

M U
H O

Osterøy kommune
5282 Lonevåg

MIH

MAJ

Havrå, 14

Rapport Agros 189734

Rydding av Hakkeleitsbrekka.

Vedlagt er rapport og rekneskap knytt til arbeidet.

Med venleg helsing

Marit Adelsten Jensen
Avdelingsleiar
Havrå.

Postadresse:
Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

Besøksadresse:
Havrå
Bruvikvegen 272
5286 Haus

havraa@muho.no
55 25 10 80 - 5 | 959 14 742
Org.nr. 971 349 743



HAVRA

Ryddinga av Hakkeleitsbrekka tok til på nyåret 2023, der føremålet med ryddinga var å ta tilbake gamal slåttemark. Som nemnd i søknaden var her mykje hasselstø, bjørk, ask og selje. I tillegg var det viktig å fjerna alle tre som var i fare for å rotvelte på telefonlinja, samt rydde vekk alle tre som allereie hadde rotvelta.

Me nytta perioden med frost i januar/februar, for å gjera minst mogleg skade på marka. Området er vanskeleg å arbeide i, då det er bratt med bilveg rett under. For å jobbe sikkert nyttar ein tau og kile av omsyn til oss sjølve, telefonlinja og landskapet.

All hasselstø vart hogd ned, samt older og hogstmogen bjørk. Me har i tillegg styvd fleire asketre, som står på høvelege plassar i utkanten av teigen. Eik er ikkje så vanleg på Havrå, så den blei også styvd med ei livgrein. Dette var for å optimalisere sjansen for at den skal kunne ta seg i framtida. Trea blei skata på plassen, og dradd ned til vegen i lange strongar før dei seinare blei kappa opp i meir høvelege lengder og brukt til ved. Under desse arbeidsoperasjonane stod ein å passa på nede ved vegen for å stoppe trafikken, om ein var uheldig og mista stokken.



Rise var i utgangspunktet tenkt å brennast på plassen, men vart i staden frakta ned til hovudvegen for å køyrast gjennom ein innleigd fliskuttar. På denne delen av Bødn var det ikkje aktuelt å brenne, då det fort vert et søkk i landskapet, ei branngrøp. Flisen vart nytta til utjamning av bakkeskråninga mellom kulturhuset og idrettsbana på Bruvik.



HAVRA

Våren vart nytta til å få området på stell før slått. Alle stubber vart kutta ned så mykje som mogleg, samt rydjing og raking av heile området.

Før prosjektet tok til så var dette eit område med mykje krattlodnegras, noko som ikkje er ynskjeleg. Me håpar at med denne skogryddinga og årleg slått at graset som kjem opp att vil vera meir som resten av Hakkeleitsbrekka, som har ein rik blomsterflora.

Rekneskap:

Saging: 80 t. à kr. 300	kr. 24 000,-.
Frakting og fliskutter: 125 t. à kr 300	kr. 37 500,-.
Opprydding: 30 t. à kr 300	kr. 9000,-.
Leige av fliskutter, Solberg Mek	kr. 2000,-
Bensin, deler og rep.motorsag	kr. 3232,-.
Leie av traktor og henger	kr. 5000,-.
Totalt brukt på prosjektet:	kr . 80 732,-.

Notat til rekneskap. Traktor og hengar er leig med mann, Eivind Hagenes. Han har ikkje kome med rekning endå på utført arbeid. Den kan ettersendast når me får den dersom det er ynskjeleg.